



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Onsdag 14.11.2018

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Brakanes kongressenter, Ulvik

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug  
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører  
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen  
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad frå kl 10.40

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

#### Agenda:

09.00 – 12.00 Sakshandsaming  
12.00 – 13.00 Lunsj

#### Orienteringar:

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

Merknad:

- Solfrid Borge: Bompengesak bør drøftast om det vert tid i møtet.
- Roald Aga Haug: Drøfting om meldingssak om innskot i eigenkapital for nye medlemmer burde stå som eigen sak i dette møtet.
- Rådet var samde om at dette spørsmålet vert drøfta under meldingar.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Jon Larsgard

Ingebjørg Winjum

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Saker til handsaming:****HR-sak 36/18 Selskapsavtale for utvida regionråd frå 01.01.2020**

Folketal vart føreslege tatt med som ca.tal. Dette må vera knytt opp til ein dato for å unngå at selskapsavtalen må endrast ved endring i folketal.

Namn på rådet: Møtet drøfta argument for både Hardanger og Voss regionråd og Hardangerrådet som gode namn for det nye rådet.  
Forslag om å gjera Hardangerrådet til namn på regionrådet. Selskapsavtalen omtalar virkeområde til Hardanger og Voss.

Det vart presisert at samarbeidet legg til grunn prinsippet om samarbeid mellom likeverdige partar.

Forslag til berekningsgrunnlag for ansvars- og eigardelar:  
20% fastdel i berekningsgrunnlag

Møtet drøfta fordeler og ulemper med at rådmennene vert del av regionrådet.  
Framlegg: Rådmennene deltar i regionrådet med tale- og forslagsrett.

MRK. Kapittel 5 i Selskapsavtalen er under vurdering av styret i Hardangerrådet iks.  
Jfr. vedtak i sak 38/18.

**Vedtak:**

Hardangerrådet tilrår framlagde utkast med endringar gjort i regionrådsmøte som ny selskapsavtale for Hardangerrådet og oversender avtalen for godkjenning i Eidfjord kommunestyre, Kvam heradsstyre og Ulvik heradsstyre og for tilråding i Odda kommunestyre, Jondal kommunestyre, Ullensvang heradsstyre og fellesnemnda i Voss herad.

**HR-sak 37/18 Strategiplan for utvida regionråd.  
Planen gjeld for perioden 2020 - 2023.**

Det vart drøfta om formuleringa vedr. Hardanger Tingrett skal inn i strategidokumentet.  
Formuleringa i mindretalsforslaget vert teken ut av dokumentet.

Rådet ønskjer eit møte med Voss kommune vedr. felles strategi for å sikra tingrett og jordskifterett i Hardanger/Voss.

**Vedtak:**

Pkt vedr. Hardanger Tingrett vert teken ut av strategidokumentet:  
Mindretalsforslag frå Roald Aga Haug:  
*Sikra og auka talet på offentlege arbeidsplassar i regionen. Oppretthalda og vidareutvikla Hardanger Tingrett. Arbeida for å knyta nye kommunar til Hardanger Tingrett.*

Teksten vert teken ut av dokumentet.  
Vedteke med 6 mot 1 røyst (Odda kommune).

Øvrige punkt i strategiplan 2020-2023. vedteke med 6 mot 1 røyst (Odda kommune).

Hardangerrådet vedtek utkast til Strategiplan for 2020 - 2023.

**HR-sak                      38/18   Meldingar**

**Framlegg til vedtak:**

Til melding 6: Styret vert beden om å leggja fram detaljert saksutgreiing til neste rådsmøte. Styret får fullmakt til å innhenta fagleg bistand i denne utgreiinga. Styret legg fram saksutgreiing innan 1.12.2018

Øvrige meldingar vert sett opp på nytt til neste regionrådsmøte.

**Møteboka godkjent 14.11.2018.**

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsordfører

Rådsmedlem  
Jon Larsgard

Rådsmedlem  
Ingebjørg Winjum